

NotatDato: 28.06.2016
Arkivsak: 2014/558-205
Saksbehandlar: ingtakl

Til:	Opplæringsavdelinga
Frå:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale til rullering av Hordaland fylkeskommune sin Skulebruksplan - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har forståing for at fylket er nøydd til å slå saman skular i kommunar der ein har overkapasitet, og der ein gjerne har fleire vidaregåande skular i same kommune. Det har dei seinare åra vore stort fokus på fråfallet frå dei vidaregåande skulane, og det er med uro ein ser at det er forslag om å leggja ned nokre dei "beste" skulane når det gjeld godt skulemiljø. (Til dømes Rubbestadneset).

Fleire kommunar vil bli ståande att utan eit lokalt vidaregåande tilbod. Mange av elevane frå desse kommunane vil få ei reisetid som ligg tett opp til den grensa som fylkeskommunen har sett (1 time), og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er redd for at terskelen blir høgare for mange av dei elevane som blir berørt. Ein risikerer dermed få eit høgare fråfall i dei kommunane som vert hardast råka.

Som sagt har rådet forståing for at det må gjerast noko med overkapasiteten, men stiller spørsmål til kvifor det er naudsynt med sentralisering? Kvifor ikkje heller styrka nokre av dei mindre skulane, så ein kan få vidareført det gode skulemiljøet som er der i dag.

Rådet er spesielt uroa for dei elevane som treng tilpassa opplæring, og som i dag har eit godt tilbod i nærmiljøet sitt. Vil dei takla denne overgangen? Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at konsekvensar av endringar for desse elevane vert serleg vektlagt.